



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 2 Haust 2024 | 102. ÅRG.



Fridomens pris

I morges, før eg gjekk til kontoret, sto valet mellom å ta vanlege tursko eller lette tøysommarsko, der val av sistnemte ville innebære risiko for å verte kliss våt om det seinare på dag byrja å hølje ned, noko som ikkje er heilt uvanleg ein seinsommardag på Vestlandet. Før lunsjen sto valet mellom å kjøpe skinke eller spekepølse som vekas lunsjpålegg. Og skulle eg ta ein fisketur eller slappe av foran TV-en denne kvelden?

Små val av triviell art føretek vi oss heile dagen gjennom, der feilvurderingar stort sett er heilt ubetydelege, og vi tenkjer ikkje eingong på at slikt faktisk er val. Større og viktigare val gjer vi sjeldnare, og konsekvensane av feil val er mykje større – t.d. val av utdanning, jobb, bustad, ektefelle, eller kva det enn måtte vere, vil vere avgjerande for korleis livet og kvardagen arter seg i lang tid framover, ja kanskje for heile livet. Tilsynelatande små val kan og i visse tilfelle gje skjelsetjande og i nokre tilfelle fatale konsekvensar, som ei forbikeyring på landevegen; Gjer eg dei riktige vurderingane no?

Som liten var det ikkje sjeldan eg ønskte å verte vaksen, ihvertfall større. Som ungdom lengta eg etter å verte myndig og fullt ut bestemme over eige liv. Det var ikkje «rettferdig» at eg måtte vere heime til kl. 23, mens nokre av venene mine, eller «alle andre» i mine auge, fekk vere ute til midnatt. Som godt vaksen, eller middelaldrande (som eg vel etter kvart har blitt) har eg hatt denne etterlengta fridomen i mange år. Stort sett tek eg alle beslutningar sjølv, eg har svært få ytre begrensningar, og ingen kan bestemme kva eg skal gjere.

I paradisforteljinga om Adam og Eva, om Gud og slangen, ser vi ei av dei tidlege skildringane av fridomen i å vere menneske. Syndefallet bestod i at Eva og Adam spiste av Kunnskapens tre, noko Gud hadde forbode dei. Gud visste at ved å spise av treet ville dei verte som Gud og få kunnskap om godt og ondt. Dei vart jaga ut av hagen.

For den store teologen og filosofen Søren Kierkegaard er ikkje syndefallet i seg sjølv det avgjerande i Syndefallsforteljinga, men det som ligg bakanfor fallet – nemleg at Gud ga mennesket fridomen til å kunne velje. Fridomens pris er det ibuande ansvaret som ligg i moglegheita til å ikkje berre kunne, men og å måtte velje. Med valet er ein gitt ansvar for eige liv.

Vi kjenner vel alle til konsekvensar av å velje feil, konsekvensar både for oss sjølve og andre. For mange av oss vel feil stadig vekk, og «tryner» gang på gang. Framtida er usikker, og vi veit at våre val har konsekvensar. Vi kan ikkje velje å ikkje velje.

Vi kan heller ikkje vite om vi har valt riktig. Som Kierkegaard seier så lever ein livet *forlengs* men det forstås *baklengs*. Ein kan ikkje planlegge livet, men leve det. For Kierkegaard vert denne fridomen angstskapande og gir grobunn for eksistensiell uro.

Kor ofte har ikkje vi alle prøvd å unnsnippe valet? Nokre ganger er vala så vanskelege at vi helst skulle slippe å velje, å la andre ta valet for oss. Vi utset kanskje viktige val i det lengste, kanskje i eit innbilt håp om å skulle slippe valet? Men vi kan ikkje slippe unna. Valet er ei vesentleg side av det å vere menneske. Ein kan kanskje seie at valet konstituerer oss som menneske.

Jesus har fleire døme på at vi nettopp skal verte som barn og ta vår tilflukt i Gud, vårt opphav og legge våre liv i Guds hender. Kierkegaard snakkar om dette som å ta *spranget* inn i det religiøse.

*Frykt ikkje, for eg er med deg,
ver ikkje redd, for eg er din Gud!
Eg gjer deg sterk og hjelper deg
og held deg oppe
med mi rettferds høgre hand.*
(Jesaja 41,10)

Rune Ziener



Salmemaratton i Askvoll



Etter at eg siste 2 år har prøvd med salmekvelder, der folk kunne velje eigne favorittsalmar og eg spelte dei (i alle fall prøvde å spele 😊), kom plutselig idéen å ha salmemaratton med uavgrensa tid. På alle salmekveldane hadde vi eit einast problem, og det var avgrensa tid. Det såg ut som at folk hadde mange ønsker, men vi måtte avgrense oss til 1-2 salmar frå kvar person, eller dei som var aktive dei fekk sine ønska salmar. Difor vil eg ha ein salmemaratton utan avgrensa sluttid, der vi kan vere så lenge som vi vil/klarar. Eg blir der til sistemann, eller til den siste lille gruppa, bestemmer: «*Dette blir siste salme!*», og då avsluttar vi.

Frå kyrkjedagane i 2022 har vi litt pengar igjen, som eg tenkte å søkje for å bruke til salmemarattonen. Då kan vi ha kyrkjekaffi med enkel servering, kaffi/te og kaker. Eg treng nokre frivillige som kan hjelpe med serveringa.

Eg tenkjer at vi startar kl. 18.00 onsdag 2. oktober og sluttar, når «siste man» seier, det er nok. 😊 Eg fekk hjelp av staben på kyrkjekontoret både med dato, dag og klokkeslett, og vi måtte tenke på folk frå heile soknet i forhold til fergene, køyring osv. Onsdag passar fint, midt i veka, og det går sein ferge til Værlandet/Bulandet. Om folk frå øyane, og heile Askvoll sokn, og kanskje frå nabosokna også har lyst å være med, er alle hjarteleg velkomne!!!

Gleder meg til dette.

Vi snakkast.
Sabina Baylarbayova. 😊





Konfirmantane i Askvoll 2024



Holmedal

Bak frå venstre:
June Mari Selvik,
Theo Skarstein Bauge,
Stian Sandnes Helle
I midten frå venstre:
Tommy Erdal (sokneprest),
Noah Bråten, Talina Holen
Framme:
Marius Vårdal Nesberg



Kvammen

Frå venstre: Johannes Aalen, Victoria Kvammen, Arthur Normann Berg Rørvik,
Sigrid Haug, Gabriel Hawkes, Tommy Erdal (sokneprest)



Bulandet og Værlandet

Konfirmantane herfrå stilte saman til fotografering.
Frå venstre: Emilia Rán Fedøy (Bulandet), Tonje Etterlid Landøy
(Værlandet), Lilja Marie Hamlot Karlsen (Værlandet),
Luna Aida Landøy-Midtbøen (Bulandet)
Bak: Tommy Erdal (sokneprest)



Vilnes

Bak frå venstre: Selma Sophie
Svellingen Mjåseth, Linnea Høyvik
Steinsund, Anna Saltskår Gjervik, Sonja
Margrethe Hagen Waagene
Framme frå venstre: Olga Sofie Vigdal
Magnussen, Kasper Vårdal, Sverre
Herland, Sigurd Herland, Nikolai Heggøy
Rydningen, Ingeborg Heggøy Bontveit



Askvoll

Heilt bak: Tommy Erdal (sokneprest)
Bak frå venstre: Mats Ryland, Lars Frøholm Klausen, Noah Gjervik Undertun, Jørgen Tøger Solheim,
Synne Storøy Ask, Lisa Gjervik Bruland
Framme frå venstre: Sondre Herland Johansen, Eran Solheim-Frøholm, Julian Gjervik Madsen,
Lukas Nikøy Folløvåg, Sofie Herland Gjervik, Marcus Loftheim Vetti

Vilnes kyrkje – 350 år



Inngangsprosesjon. Foto: Steinar Bauge

Jubileumsdagen rann med himmel som var blå og flagg som vaia i grendene. Då vi kom til kyrkja stod alt biskop, prostar og prestar på kyrkjebakken og ynskte vel møtt. Det kom folk frå fleire bygder i Askvoll sokn, det var kjekt å sjå.

Gudstenesta starta med «Songen om Vilnes kyrkje» med Karakoret og Gunn Sætre.

Prosesjonen kom inn til preludium der Askvoll kyrkjekor og Atløykoret song Gesu. Med i prosesjonen var eit dåpsfylgje.

Vesle Matteus vart døypt av sjølvaste biskop Ragnhild Jepsen, og dei to såg ut til å ha god kjemi!

Gudstenesta elles var veldig høgtideleg og fin, der alle dei geistlege hadde sine roller med lesing og song i sine vakre, raude stolaer. Biskopen heldt preika frå den gamle, fine preikestolen.

Det vart brukt gamal liturgi og gamle salmar; *Kyrkja ho er eit gamalt hus* var første salmen.

Atløykoret og Askvoll kyrkjekor song i liturgien. *Evige Gud vi tilber deg*, *Laudate omnes gentes* og som postludium *An Irish blessing* med Sabina som dirigent

Ofringa gjekk denne dagen til trusopplæringa. Det var også nattverd. Utgangsprosesjonen og kyrkjelyden gjekk ut i sola, og det vart prat og fotografering på kyrkjebakken før vi reiste til Atløy kulturhus for mat og vidare feiring.



Biskop Ragnhild Jepsen forretta under jubileumsgudstenesta. Foto: Steinar Bauge



Praten gjekk livleg i finværet på kyrkjebakken etter jubileumsgudstenesta. Foto: Steinar Bauge



Fleire tidlegare prestar i Askvoll hadde funne vegen til Vilnes for å vere med å feire 350-årsjubiléet. Frå venstre: Audun Systad, prost Knut Magne Nesse, Kjell Olav Høstaker Nordheim, biskop Ragnhild Jepsen, Stein Ove Skadal, Olav Johannes Oma, Jarle Veland og sokneprest Tommy Erdal. Foto: Steinar Bauge



Folk hadde funne fram finstasen denne viktige festdagen for kyrkja vår. Foto: Steinar Bauge



Busstransport mellom kaia, kyrkja og samfunnshuset var leigt inn for anledninga for å unngå parkeringsflokar ved kyrkja. Foto: Steinar Bauge

...og festen heldt fram i Atløy kulturhus

Folket sessa seg i den festpynta salen, og leiar i Askvoll sokneråd, Wenche Ness Gabrielsen ynskte vel møtt og orienterte om programmet for dagen.

Men først var det mat, sunnfjordsk betasuppe med italiensk focaccia. Alle var svoltne, og mat og prat er alltid ein god kombinasjon.

Etter allsong med *Gud signe vårt dyre fedreland*, framførte Synnøve Melvær med bulandsdialekt ein prolog om kyrkja og folket fram gjennom tidene, skriven av Jardar Melvær.

Tre jenter med det klingande namnet Småstjerner hadde øvd inn to songar med Sabina, dei var kjempeflinke!

Vi fekk eit historisk glimt om dåp, bryllaup og gravferder fortalt av Åshild Landøy som var ein av dei siste frå Værlandet og Bulandet som vart døypte i Vilnes kyrkje i 1951.

Festen inneheldt også song av kyrkjekoret og Atløykoret saman og kvar for seg og saman med prestar og biskopen som også heiv seg med, god stemning!

Festen vart avslutta med eit sunnfjordsk kakebord med kaffi og ordet fritt. Ein fin og minnerik dag var til ende.

Lillian Oddekalv Gjervik (leiar i jubileumskomiteén)



Borddekking før den store festen. Nokre har tenkt på at antrekket skal matche stolar og dukar.



Atløykoret framfører «Mitt land»



Tre karar i djup konsentrasjon i serviettbrettinga



«Småstjerner» (Kassandra, Eva og Iva Alvida) frå Atløy framførte mellom anna *Kven er jungelens konge*



«Karakoret» med Song om Vilnes kyrkje

Det er ...

... 23. mars, og fiskemåseparet sit på telefonstolpen ved huset hans og skrik: «eiiia, eiiia, æ-æ-æ». Han veit kva det betyr: «Hei, vi er tilbake! Har du mat?» Slik hadde det vore i mange år, 23. eller 24. mars, og mat fekk dei på verandarekkverket hans både på dei datoane og sommaren igjennom. Og var han ikkje snar nok med matbitane, så skreik dei til dei fekk. Han småskjente litt på den skrikinga, kanskje vart naboane uroa? Og det hende dei sette seg i båten hans når han var utpå og fiska. Då fekk dei nokre godbitar som han kasta ut på vatnet. Kanskje hadde han Forkynnaren 11,1 i tankane? «Kast brødet ditt på vatnet; for med tida finn du det att.» Om hausten flaug dei sørover. Farvel og på gjensyn!

Og han kunne seie: «Ser du han vesle der, han med halen i været? Det er Martin i Muren!» For meg var det eit nytt namn på gjerdesmetten. Og Martin i Muren og dei andre småfuglane mata han heile året.

Eller: «Sjå den vesle, tynne stemorsblomsten mellom dei to steinhellene. Det er meg det!» Han visste, også av eigen erfaring, at livet ikkje alltid var lett.

Eller at han etter bedehusmøtet kunne seie at han vart så velsigna av talen, medan eg med litt skam tenkte med meg sjølv at eg fekk lite ut av det.

Eller: «Eg veit de strevar med vedlikehaldet på bedehuset. Eg skal koste nytt panel og arbeidspengar på den stygge veggen. De er så få, og då slepp de å slite dykk ut med arbeidet.»

Eller då koronaen herja, og eit anna bedehus ikkje kunne halde basar, då kompenserte han med mange pengar i ein konvolutt.

Eller alle andre konvoluttar med pengar som han kom med til ulike ideelle organisasjonar som tok seg av dei minste og svake. Konvoluttar med påskrifta «Såkor» skrive med skjelvande hand. Sjølv sat han då ved kaffibordet vårt medan eg overførte pengane og skreiv ut kvittering.

Eller dei 15 borna på Filippinane som månadleg fekk underhald. Eller skulen der nede som han kosta ein ny etasje på og kjøpte to minibussar til. Og ordna med julegaver og julefest til alle på skulen der.

Eller nokre vener her til lands som trong ein moped eller ein bruktbil.

Eller det store fondet som han testamenterte til ein hjelpeorganisasjon. Overskot av aksjesal. Eller, eller

Han døyde ein vinter for eit par år sidan, - på fødselsdagen sin. Våren etter, på ein av dei same datoane, sat eit fiskemåsepar på telefonstolpen og skreik « eiiia, eiiia, æ-æ-æ.» Slik skreik dei nokre dagar. Så var det over. Han var ikkje der.

Ei stor, tung, opna bok ligg på marka. Gravsteinen hans. Ei tilvising til Bibelen står nede på den eine sida. Slik tek det skriftordet til: «For så elska Gud verda at han gav »

Men sjå kven andre som ligg der på marka og sørger for nytt liv! Eg veit ikkje om det er ein av det same paret, - som rugar ved ein kjenning? (Foto: Anne Aune)

RB.



Gravsteinen til Helge

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ | Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36
Markegata 42, 6905 Florø
E-post: post@fjordan.no

FØRDE | Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30
Lindbøen 2, 6809 Førde
E-post: post@fjordan.no

www.fjordan.no

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no



ComfortService

Salg, montering og service av varmepumper

Ole Andreas Myrstad

www.comfortservice.no

Tlf. 906 32 818

Panasonic
ideas for life



MITSUBISHI ELECTRIC

NOVAPGODKJENT FORHANDLER

Isovator F-gass Sertifisering

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde. Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS SOS

Orgel- og pianokurs

Sabina Baylarbayova har orgel- og pianokurs til alle som kan tenke seg å stille opp etter behov som frivillige organister til gudstenester.

Påmelding på E-post kantor@askvoll.kyrkja.no og telefon 930 81 399. Alle er hjarteleg velkomne.




Barnas



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:
– Kvifor er det så mørkt her?
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?
Ho la berre kokte egg.

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie.

Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Søndag 1. september kl. 11.00
Gudsteneste med konfirmant-presentasjon og utdeling av 4- og 6-årsbok og kors til 5-åringar. Kyrkjekaffi.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 22. september kl. 17.00
Gudsteneste.
Kyrkjekaffi.
Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Søndag 6. oktober kl. 15.00
Gudsteneste.
Kyrkjekaffi.
Offer til KFUK/KFUM Sogn og Fjordane.

Søndag 20. oktober kl. 17.00
Gudsteneste.
Kyrkjekaffi.
Offer til TV-aksjonen.

Søndag 3. november kl. 11.00
Helgemesse der vi minnst dei som har gått bort siste året.

Søndag 1. desember kl. 17.00
Lysmesse.
Offer til Leger Utan Grenser.
Kyrkjekaffi.



HOLMEDAL KYRKJE

Søndag 25. august kl. 11.00
Gudsteneste.
Offer til trusopplæringa i Askvoll.
Kyrkjekaffi.

Søndag 29. september kl. 15.00
Gudsteneste med konfirmant-presentasjon og utdeling av 4- og 6-årsbok og kors til 5-åringar. Offer til Yngres i Holmedal.
Kyrkjekaffi.

Søndag 27. oktober kl. 15.00
Gudsteneste.
Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.
Kyrkjekaffi.

Torsdag 7. november kl. 19.00
Salmekveld med kveldsmat.

Søndag 17. november kl. 11.00
Gudsteneste.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Kyrkjekaffi.

Søndag 8. desember kl. 15.00
Lysmesse.
Offer til Holmedal kyrkje.



VILNES KYRKJE

Søndag 1. september kl. 13.30
Gudsteneste med konfirmant-presentasjon og utdeling av 4- og 6-årsbok og kors til 5-åringar. Offer til Nesholmen Leirstad.

Søndag 29. september kl. 11.00
Gudsteneste
Offer til kyrkjebladet.

Søndag 27. oktober kl. 11.00
Gudsteneste.
Offer til TV-aksjonen.

Søndag 24. november kl. 15.00
Lysmesse.
Offer til Det Norske Bibelselskap.



BULANDET KAPELL

Søndag 18. august kl. 10.15
Gudsteneste.
Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.
Kyrkjekaffi

Søndag 22. september kl. 10.15
Gudsteneste med konfirmant-presentasjon og utdeling av 4- og 6-årsbok og kors til 5-åringar. Offer til Bulandet kapell.
Kyrkjekaffi.

Søndag 20. oktober kl. 10.15
Gudsteneste.
Offer til Indremisjonsforbundet.
Kyrkjekaffi.

Søndag 24. november kl. 10.15
Lysmesse.
Offer til Kirkens SOS i Bjørgvin.



KVAMMEN KAPELL

Søndag 8. september kl. 11.00
Gudsteneste med konfirmant-presentasjon og utdeling av 4- og 6-årsbok og kors til 5-åringar. Offer til trusopplæringa i Askvoll.

Søndag 6. oktober kl. 11.00
Gudsteneste.
Offer til TV-aksjonen.

Søndag 3. november kl. 19.00
Gudsteneste.
Offer til Sjømannskyrkja. Norsk kyrkje i utlandet.

Søndag 1. desember kl. 11.00
Lysmesse
Offer til kyrkjebladet.

Gudstenester i Værlandet

Mandag 23. september. kl. 17.30

Søndag 3. november. kl. 10.15

Søndag 15. desember. kl. 14.30
Lysmesse

Kyrkjelege handlingar

VIGDE



ASKVOLL

20.04.2024 Ida Martine Brede og Ørjan Birkeland Turøy

DØYPTE



ASKVOLL

20.04.2024 Noah Brede Turøy
23.06.2024 Lilah Olive Stubseid Nedrebø
07.07.2024 Matheo Masdal

BULANDET

02.06.2024 Noah Hillersøy-Heggøy

VILNES

31.03.2024 Julia Vilnes-Mjåseth
20.05.2024 Matteus Mikael Mjåseth Rasmussen
07.07.2024 Alma Oleah Enstad Kjosaa

GRAVLAGDE



ASKVOLL

12.03.2024	Signe Marie Skorven Ask	f. 1941
31.03.2024	Sigrid Lovise Merkesvik	f. 1930
01.04.2024	Helga Signy Einen	f. 1932
17.04.2024	Aud Marit Olsen	f. 1950
24.04.2024	Johan Ask	f. 1947
29.06.2024	Kjellaug Marion Dalen	f. 1942
21.07.2024	Hilde Lise Haugen Grane	f. 1965
23.07.2024	Jan Leidulv Nordeide	f. 1948

BULANDET

12.07.2024	Solfrid Liv Tistel	f. 1936
------------	--------------------	---------

HOLMEDAL

23.11.2023	Ruth Sørensen	f. 1925
26.11.2023	Astrid Solveig Engebø	f. 1937
08.04.2024	Unni Klausen-Berstad	f. 1957

STONGFJORDEN

15.01.2024	Kari Yndestad	f. 1934
------------	---------------	---------

VILNES

28.06.2024	Erling Johan Heggøy	f. 1934
------------	---------------------	---------

VÆRLANDET

30.03.2024	Alma Ingertha Værøy	f. 1928
15.04.2024	Molly Værøy	f. 1929


LAURDAGSKLUBBEN I ASKVOLL KYRKJE

For deg som er 4 år eller meir. Vi synger og ber, tenner lys og opnar «skattekista». Veit du at i Bibelen finnast mange skjulte skattar? Dei fortel vi om på laurdagsklubben.

DATOPLAN (LAURDAGAR KL. 11.00-12.15):

31. august	12. oktober	23. november
14. september	26. oktober	7. desember
28. september	9. november	21. desember





Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.


Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til sekretaer@askvoll.kyrkja.no, eller ring mobilnr.918 74 724


DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll



KYRKJEVERJE
Rune Ziener
✉ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no
☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETÆR
Hildegunn Helleset
✉ sekretaer@askvoll.kyrkja.no
☎ 918 74 724



SOKNEPREST
Tommy Erdal
✉ soknepresten@askvoll.kyrkja.no
☎ 971 10 124



KANTOR
Sabina Baylarbayova
✉ kantor@askvoll.kyrkja.no
☎ 930 81 399

KONFIRMAN

KONFIRMANT 2024/2025?
Har du hugsa å melde deg på?
Påmelding på:
WWW.ASKVOLL.KYRKJA.NO

vipps

Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til
692979
Rettleiande kr 200,-

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Askvollvegen 398, 6980 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · E-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside:
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll.

Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset

Leiar Askvoll sokneråd: Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

